



Utval:	<b>Formannskapet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	29.08.2016
Tid:	09:00


Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

### SAKSLISTE


Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/48	Referatsaker	
PS 16/49	Stortingsvalet og sametingsvalet 2017 - Fastsetjing av valdag	2016/223
PS 16/50	Midler til innkjøp av teknisk utstyr til kommunen si "storstue" - storsalen ved Midsund skule	2016/404
PS 16/51	Administrasjonsbygg	2014/513

Midsund, 22. august 2016

  
Odd Helge Gangstad  
Ordfører

  
Astrid Abelseth  
Utvalsekretær





Utval:	<b>Formannskapet</b>
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	16.06.2016
Tid:	16:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Frits Inge Godø	NESTL	V
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Adrian Sørлие	MEDL	H
Inger Lise Trønningdal	MEDL	H

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Lars Joar Hagseth	Nora Helen Dyrseth Blø	AP

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Astrid Abelseth	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.



Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Inger Lise Trønningdal

Adrian Sørлие

Lars Joar Hagseth

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/43	Referatsaker	
PS 16/44	Revidering av lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av tilsyn og feiing	2016/145
PS 16/45	Budsjettendring Investering 2016 - overføring ubrukt ramme frå 2015	2016/297
PS 16/46	Kommunereforma i Midsund - Endeleg vedtak	2014/347
PS 16/47	Administrasjonsbygg - næringsbygg	2014/513

Det vart halde møte i Midsund formannskap 16.06.2016 på Midsund kommunehus.

Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad.

Nora Helen Dyrseth Blø (AP) hadde meldt forfall. Lars Joar Hagseth (AP) møtte som vara.

5 voterande.

Møtet tok til kl 16.00.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

Rådmannen gav en statusrapport om fjelltrappene.

Årsmelding frå ROR vart utlevert på møtet.

### **PS 16/43 Referatsaker**

#### **Behandling i Formannskapet - 16.06.2016**

Protokoll frå møte i Midsund formannskap 13.06.2016 vart utlevert på møtet.

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.06.2016**

Protokoll frå møte i Midsund formannskap 13.06.2016 vert godkjent.

### **PS 16/44 Revidering av lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av tilsyn og feiing**

#### **Forslag til vedtak:**

Revidert lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av lovbestemt tilsyn med og feiing av fyringsanlegg i Midsund kommune vert godkjent.

Heimel for vedtaket: § 28 i lov om brann – og eksplosjonsvern av 14.juni 2002 nr. 20, samt forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.

Årsgebyret 2016 for tilsyn med og feiing av fyringsanlegg etter behov vert uforandra ved revidering av forskrifta.

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.06.2016**

Revidert lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av lovbestemt tilsyn med og feiing av fyringsanlegg i Midsund kommune vert godkjent.

Heimel for vedtaket: § 28 i lov om brann – og eksplosjonsvern av 14.juni 2002 nr. 20, samt forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.

Årsgebyret 2016 for tilsyn med og feiing av fyringsanlegg etter behov vert uforandra ved revidering av forskrifta.

#### **PS 16/45 Budsjettendring Investering 2016 - overføring ubrukt ramme frå 2015**

##### **Forslag til vedtak:**

Unytta investeringsmidlar i 2015 vert overført til investeringsbudsjett 2016.

Totalt kr. 22.926.000,- . Endring i investeringsramma vert finansiert med momskompensasjon og ubrukte lånemidlar.

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.06.2016**

Unytta investeringsmidlar i 2015 vert overført til investeringsbudsjett 2016.

Totalt kr. 22.926.000,- . Endring i investeringsramma vert finansiert med momskompensasjon og ubrukte lånemidlar.

#### **PS 16/46 Kommunereforma i Midsund - Endeleg vedtak**

##### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggerundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nesset kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

#### **Behandling i Formannskapet - 16.06.2016**

Midsund Arbeiderparti og Midsund Senterparti la fram alternativt forslag til vedtak:

1. *Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført to innbyggjarundersøkingar, fleire folkemøte og rådgjevande folkerøysting.*

2. *Med bakgrunn i rådet frå innbyggjarane, gitt i innbyggjarundersøking og folkerøysting, ville det naturlege valet vore å slå seg saman med Aukrakommune. Sidan Aukra kommune har valt å stå åleine er dette ikkje lenger eit alternativ for Midsund kommune. Det er vidare dårleg oppslutning om ei samanslåing med Molde kommune i dei her nemnde innbyggjarhøyringane. Midsund kommune vil difor ikkje vedta samanslåing med andre kommunar i denne omgang.*
3. *Midsund kommune vil kontinuerleg vurdere situasjonen, og spørsmålet om samanslåing med andre kommunar vil særleg være aktuelt å sjå på når samferdselsløysingar som Møreaksen og Kjerringsundet er nærare avklart.*

Ved votering fekk rådmannen sitt forslag til vedtak 3 stemmer og 2 stemte for forslaget til AP og SP.

#### **Vedtak i Formannskapet - 16.06.2016**

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggjarundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nesset kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

#### **PS 16/47 Administrasjonsbygg - næringsbygg**

##### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune går vidare med planleggingsarbeidet for å bygge administrasjons-/næringsbygg på Antonbutomta.

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 16.06.2016**

Midsund kommune går vidare med planleggingsarbeidet for å bygge administrasjons-/næringsbygg på Antonbutomta.

**Møtet vart heva kl 17.20.**



**Midsund kommune**  
Servicekontoret

**Arkivsak:** 2016/223-2  
**Arkiv:** 011  
**Saksbeh:** Astrid Abelseth  
**Dato:** 10.08.2016

## Saksframlegg

### Stortingsvalet og sametingsvalet 2017 - Fastsetjing av valdag

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/49	Formannskapet	29.08.2016
	Kommunestyret	

#### Forslag til vedtak:

Midsund kommune gjennomfører Stortingsvalet og sametingsvalet 2017 over ein dag, måndag 11. september 2017.

#### Saksutgreiing:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 22.04.2016 opplyst at valdagen for Stortingsvalet og Sametingsvalet 2017 er fastsett i statsråd 22.04.2016, til måndag 11. september 2017.

Kommunestyret kan sjølv vedta at det på ein eller fleire stadar i kommunen kan haldast val også søndag før den offisielle valdagen jfr. vallova § 9-2 (2).

#### Vurdering:

Rådmannen rår til at valet blir halde over ein dag, måndag 11. september 2017.

Ketil Ugelvik  
Rådmann

Astrid Abelseth  
Rådgjevar

**Vedlegg (prenta):** Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Stortinget  
Sametinget  
Departementene  
Fylkesmennene  
Fylkeskommunene  
Kommunene  
De registrerte politiske partiene

Deres ref	Vår ref	Dato
	16/273-9	22.04.2016

**Storingsvalget og sametingsvalget 2017 - fastsetting av valgdag -**

Valgloven § 9-2 (1) lyder:

*"Kongen fastsetter før hvert valg valgdagen til en mandag."*

I statsråd 22. april 2016 er valgdagen for stortingsvalget og sametingsvalget 2017 fastsatt til **mandag 11. september 2017**.

Hvert enkelt kommunestyre kan – i medhold av valgloven § 9-2 (2) – bestemme at det i vedkommende kommune skal holdes valg også søndag 10. september 2017.

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)  
avdelingsdirektør

Marie Svendsen Mjøsund  
seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Kopi:  
Valgdirektoratet





**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2016/404-1  
Arkiv: 153  
Saksbeh: Ketil Ugelvik  
Dato: 10.08.2016

**Saksframlegg**

**Midler til innkjøp av teknisk utstyr til kommunen si "storstue" - storsalen ved Midsund skule**

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/9	Oppvekst- og kulturutval	25.08.2016
16/50	Formannskapet	29.08.2016
	Kommunestyret	

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune løyver inntil kroner 300.000,- til innkjøp av diverse teknisk utstyr til storsalen ved Midsund skule. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

**Saksutgreiing:**

I 2015 vart det gjort store utbetringar i "Storsalen" på Midsund skule. Det vart montert nytt lydanlegg og ein del lysutstyr, scena vart heva permanent, og tak/vaggar i sceneområdet vart måla svart. Opplevinga for publikum og dei som skal formidle noko frå scena, er no ei heilt anna enn den var. Det vart løyvd kr. 250 000,- frå kommunen, og kr. 20 000,- frå Sparebanken Møre til teknisk utstyr.

Sjølv om tilhøva no er bra, er det framleis fleire punkt på ønskelista, med utstyr som vi meiner er viktig å få på plass. Dette gjeld oppgradering av lyd- og lys-utstyr som er nødvendig for å gjere publikumsopplevinga enda betre, samt i samband med fag vi tilbyr i kulturskule og skule. Kulturskulen tilbyr faget "Produksjonsteknikk", til ungdom som vil lære meir om teknisk arrangement i samband med større arrangement, og Midsund skule tilbyr faget "sal og scene". Kulturskulen held også på å bygge opp eit tilbod i teater/ drama, som vil ha svært god nytte av

det nye utstyret som er tenkt kjøpt. Alt utstyret kjem alle brukarar til gode, både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet. Samla sum for teknisk utstyr blir om lag kr. 500 000,-.

Kulturskulen vendte seg på nytt til næringslivet i kommunen våren 2016, og inviterte til nytt spleiselag for å få dette realisert. Sjøvik AS løyvde kr. 200 000,-. Det er også løyvd kr. 5000,- frå Istadfondet, samt at vi har fleire søknader inne hos andre moglege private bidragsytarar, som vi venter svar på med det første.

Det er innhenta tilbod frå tre leverandørar av utstyr.

#### **Vurdering:**

Når private stiller opp og gir slike flotte gåver/bidrag ser rådmannen det som naturleg at kommunen går inn med sin del. Ved gjennomføring av dette prosjektet vil storsalen bli eit godt og veileigna lokale til glede for innbyggjarane i kommunen. Rådmannen rår til at kommunen løyver kroner 300.000,- til prosjektet.

#### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ketil Ugelvik  
Rådmann

Åshild Melkeraaen

#### **Vedlegg (prenta):**

#### **Vedlegg (uprenta):**

Tilbod med spesifikasjonar frå Brigh Norway AS, Molde Forum og 4Sound Molde

#### **Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2014/513-16  
Arkiv: 612  
Saksbeh: Ketil Ugelvik  
Dato: 19.08.2016

**Saksframlegg**

**Administrasjonsbygg**

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/51	Formannskapet	29.08.2016
	Kommunestyret	

**Forslag til vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering. Midsund kommune går vidare med planleggingsarbeidet.

**Saksutgreiing:**

Viser til K-sak 16/26 og 16/57. Etter vedtaket i junimøtet har administrasjonen etter beste evne prøvd å arbeide med saka, men ferietida har medført at arbeidet ikkje har hatt den ønska framdrifta. Etter planen skulle intensjonsavtale mellom private aktørar framforhandlast og leggast fram for kommunestyret. I samråd med samarbeidspartnarane, vår advokat og ordførar har vi konkludert med at vi set det på vent slik at vi har konkrete element inn i avtalen. Difor blir dette ei sak av meir orienteringsmessig karakter.

**Litt om kva som har skjedd/blitt gjort:**

Riksantikvaren har oppheva vedtaket om mellombels fredning, viser til vedlagt kopi av brev. Vidare har Arbeidstilsynet trekt tilbake varselet om døgnmulkt og gitt kommunen ny frist. Svarbrevet ligg ved saka som uprenta vedlegg.

Norconsult er hyra inn for å gjennomføre dei nødvendige grunnundersøkingane. Vidare har representantar for kommunen hatt møte med grunneigaren på nabotomta ( møte 18.08).

I løpet av sommaren er det avhalde møte mellom Midsund kommune og næringsaktørane, samt møte med Midsund Næringsforum. Ein har konkludert med at det skal arbeidast vidare med realisering av eit felles bygg som skal huse offentlege og private aktørar.

Onsdag 17.august vart det halde møte med synfaring der kulturavdelinga i fylkeskommunen var representert og i tillegg møtte arkitekt og ein frå HAMSTO. Næringsaktørane var og med på dette møtet.

Med bakgrunn i kostnadsanslaget for vøling og heving av Antonbua, framlagt i kommunestyremøte den 23.juni, kom vi fram til at ein bør sjå kva mulegheiter som ligg i å nyttiggjere seg av arealet i Antonbua og gjennom det redusere arealet på nybygget. Antonbua har ei grunnflate på om lag 325 m2 og har slik ho står i dag 3 etasjer.

#### **Alternative plassering:**

Per dato ser vi to alternative løysingar:

- a) Antonbua vert heva og plassert der ho ligg i dag.
- b) Antonbua vert flytta til ein annan plass på tomta.

Skal bua nyttast må det gjerast noko med etasjehøgda, vindu mm. Representant for kulturavdelinga tek kontakt med Riksantikvaren for å avklare kva føringar dei legg på prosjektet. Vidare må det avgjerast om bygget skal lyftast som det står eller om bygget skal demonterast. Her vil vi vite litt meir på komande måndag då det skal avhaldast eit møte i Molde.

Vidare må det arbeidast med å sjå på støtteordningar/ekstern finansiering som kan bidra til å redusere kostnadene. Ordførar har vore i kontakt med Kulturminnefondet, vidare er vi i dialog med Fylkeskommunen i forhold til støtte/tilskot til uteområde/kai. Det er fleire mulege eksterne finansieringskjelder.

#### **Vurdering:**

Rådmannen meiner at vi no må sjå på kva mulegheiter som ligg i å ta i bruk Antonbua, heile bygget eller delar av bygget. Realistisk sett har ikkje rådmannen stor tru for at kommersielle aktørar/brukarar vil stå i kø for å nyttiggjere seg av bygget etter det er vølt og heva. Bygget kan huse funksjonar som var tenkt plassert i nybygget; møterom/konferansesal/kantine/kafe mm. Her kan det og vere mulegheit for å plassere den lokalhistoriske samlinga som i dag er på «Fredheim». Mange av tinga/gjenstandane som tilhører bygget kan nyttast til utsmykking.

Gjennom ei slik løysing vil bygget bli ivaretatt og brukt. Det er viktig at ein held fokus på kostnadene slik at prosjektet kan bli realisert innanfor akseptable økonomiske rammer.

Vi har invitert kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune til å vere med og dei vil og vere eit godt kontaktpunkt opp imot Riksantikvaren. Dei næraste veken vil venteleg gi svar på alternative løysingar, kostnader og mulegheiter. Vi må ta oss tid til å sjekke ut desse alternativa.

Dette er eit spennande prosjekt som vil gi eit løft for Midsundsamfunnet. Rådmannen rår til at vi går vidare med planleggingsarbeidet.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ketil Ugelvik  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

Brev frå Riksantikvaren

**Vedlegg (uprenta):**

Svarbrev frå Arbeidstilsynet

**Særutskrift går til:**

SAKSHANDSAMAR  
Marl Søbstad Amundsen

VÅR REF.  
14/01720-18

ARK. B - Bygninger  
333 (Sør-Aukra) Midsund - MR

DYKKAR REF.

INNVÅLSTELEFON

+47 98 22 87 32

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
22.06.2016

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Midsund kommune

-

6475 MIDSUND

### **Anlegget Antonbua, gnr/bnr 48/7 i Midsund kommune - oppheving av mellombels freding av**

Riksantikvaren syner til vedtak om mellombels freding av anlegget Antonbua med laust inventar dagsett 20.07.2012 og 02.10.2012, og varsel om oppheving av mellombels freding dagsett 29.01.2015.

Antonbua er eit viktig minne om kystkulturen i tidlegare tider, og bevaring av Antonbua kan bidra til å skape eit godt og attraktivt lokalmiljø i Midsund.

Riksantikvaren, Midsund kommune og representantar frå familien Misund har hatt ein lang prosess kring ivaretaking og ny bruk av Antonbua. Riksantikvaren har heile tida hatt som formål å sikre anlegget, men samtidig legge til rette for ny bruk.

Kommunen har no konkrete planar for bevaring av Antonbua, med unntak av skur og naust. Riksantikvaren vil ikkje gå vidare med forslag om ei permanent freding av Antonbua med skur og naust. Vi vonar at kommunen som eigar av bygningane i anlegget og representantar for familien Misund som eig det lause inventaret vil arbeide vidare for å finne ei god permanent løysing som sikrar og tek vare på gjenstandar som dokumenterer gammal kystkultur på staden.

Eit vedtak om mellombels freding kan bli fatta dersom eit kulturminne er trua, og dersom ein treng meir tid til å vurdere verneverdien i bygga på eigedomen. Vi ser kommunen si vending i saka - frå eit ønskje om å rive til eit forslag om bevaring og tilrettelegging for ny bruk for Antonbua med unntak av skur og naust - som særers positiv. På bakgrunn av dette finn ikkje Riksantikvaren at trusselbiletet som var grunnlaget for ei mellombels freding av anlegget i 2012, lenger er til stades.

#### **VEDTAK**

*Riksantikvaren opphevar vedtak av 20.07.2012 og 02.10.2012 om mellombels freding av anlegget Antonbua med laust inventar, gnr/bnr 48/7 i Midsund kommune, jf. lov 09.06.1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 22 nr. 4.*